

Detaljplan Utleiehytter (FTU3) - gbnr.

51/38 mfl. Kursetstranda

Merknadsvurdering etter varsel om oppstart

Detaljplan Utleiehytter (FTU3) - gbnr. 51/38 mfl. Kursetstranda vart varsla oppstart i perioden 10.07.2025 – 18.08.2025.

22.12.2025 P1852

Sykkylven kommune

Innkomne merknadar

OSE AS
Vikeøyane 7
6150 ØRSTA

Vår dato: 15.07.2025
Vår ref.: 202515261-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: P1852

Sakshandsamar: Ole Martin Bolset,
ombo@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - Sykkylven kommune

Vi viser til brev mottatt 10.07.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 8 – 10 panoramahytter for utleie, biloppstillingsplassar og avkøyrsløp frå vegen. Eksisterande naust, og eventuelt nye naust, skal regulerast.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndighet med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Aktsemdsområde for kvikkleireskred

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire jf. [NVE Atlas](#). Fare for områdeskred av kvikkleire må avklarast i planarbeidet. Vi rår dykk til å nytte prosedyren i kapittel 3.2 i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.

Fareområde, dvs. areal som ikkje stettar krava til tryggleik i [TEK17 § 7-3](#), må de innarbeide i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Føresegnene må sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.

Aktsemdsområde for flaum

Delar av planområdet ligg i aktsemdsområde for flaum, jf. [NVE Atlas](#). I arbeidet med ROS-analysen må flaum og erosjon vere tema som blir vurdert.



NVE har utarbeida rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#). De kan finne eksempel på vurderingar i vedlegga til rettleiaren. Generelt gjeld at areal utsett for flaum med 200-års gjentaksintervall blir regulert med omsynssone Flaumfare H320 med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Ved eventuelle kryssingar av vassdrag må bruer og kulvertar planleggast med tilstrekkeleg kapasitet. Dersom elvebreidda er erosjonsutsett skal det vere ei tryggleikssone mellom bygningar og toppen av lausmasseskråninga over elva som er minst like brei som høgda frå elva og til toppen av skråninga. Avstanden må vere minst 20 m, jf. prinsippsskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i rettleiinga til byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 fjerde ledd.

Flodbølge som sekundær konsekvens av fjellskred

Delar av planområdet er utsett for fare for oppskylling av flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred i Åkneset, jf. [NGI rapport 20151018-00-1-r](#) sist revidert 21.02.2011. Fareområda må regulerast med omsynssone skredfare H310 med tilhøyrande føresegner som set krav i samsvar med tryggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Dersom det ikkje er mogeleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3, må planlagde tiltak eventuelt vurderast etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4. Les meir om arealplanlegging i område utsett for fare for fjellskred i NVE sin [rettleiar for sikkerhet mot fjellskred](#).

Overvatn

Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrengoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

Eit viktig prinsipp for overvassløysingar er å bidra til så «naturlike» forhold som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.



Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole Martin Bolset
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

OSE AS

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
SYKKYLVEN KOMMUNE

Ose As
Att:
Vikeøyane 7
6150 Ørsta

Fiskeridirektoratets uttale til varsel om oppstart – detaljregulering for FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda – Sykkylven kommune

Vi viser til oversending datert 10.07.2025.

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

På nettsida [Arealplaner](#) har Fiskeridirektoratet samla si generelle planretteleiing om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløyninga «Yggdrasil»
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang- og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4 om motsegn

Fiskeridirektoratet har per i dag ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle retteleiinga på nettsidene våre.

Fiskeridirektoratet ønsker å verte høyrte når planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi tek atterhald om at vi då kan ha merknader til planen.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Cecilie Marie Åshamar
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Ose As

Vikeøyrane 7

6150 Ørsta

Kopi til:

Kystverket

Møre Og Romsdal Fylkeskommune

Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal

Postboks 1502

Postboks 2500

Postboks 2520

6025

6404

6404

Ålesund

Molde

Molde



OSE AS
Vikeøyane 7
6150 ØRSTA

Dykkar ref: P1852
Vår ref: 2025/172153
Dato: 13.08.2025

Uttale - Detaljplan FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - gbnr 51/38 mfl – Varsel om oppstart av planarbeid - Sykkylven kommune

Vi viser til brevet dykkar av 30.06.2025 med referanse P1852, der det er komme forslag til detaljplan for utleiehytter ved Kursetstranda.

Formålet er å utvikle området med 8-10 panoramahytter og eventuelle nye naust – og med tilhøyrande parkeringsplass og avkøyrse.

Mattilsynet sitt ansvar og medverking

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som mellom anna ivaretar tilhøva rundt drikkevatn, men også innan plantar, dyr, fisk og næringsmiddel. Som høyringsinstans har vi som oppgåve å bidra til å vareta nasjonale, regionale og lokale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Vurdering/Innspeil

Vi har vurdert saka ut i frå omsynet til drikkevatn, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmiddel.

Når det gjeld drikkevatn ser vi at dette skal ivaretakast med tilknyting til Hundeidvik vassverk. Det er viktig med tidleg dialog for å avklare kapasitet med meir. Sykkylven kommune arbeider med ein vatn- og avløpsplan. Det er viktig å sjå kva signal som kjem her for å ivareta god og sikker vassforsyning til fleire abonnentar i forsyningsområdet.

De finn nyttig informasjon på heimesida vår: [Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde – kva må du tenke på? | Mattilsynet](#)

Konklusjon

Vi kjenner ikkje til forhold som vil ha innverknad på våre forvaltningsområde i denne planen, og har derfor ingen andre merknader til saka.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Per Hallgeir Mørkeseth
seniorinspektør

Ivar Eiken
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved



OSE AS

Vikeøyrane 7

6150 ØRSTA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan - detaljregulering FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda - Eigedom 51/38 mfl - Sykkylven kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Ose AS varslar på vegne av Bjørn Idar Lyngvær oppstart av planarbeid for detaljregulering FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda i Hundeidvik i Sykkylven kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 8-10 hytter for utleie, avkøyrsl frå Kursetstranda, biloppstillingsplassar og eventuelt legge til rette for naust.

I gjeldande kommuneplan er arealet avsett til spreidd naustbygging. I nytt planforslag er arealet avsett til turist- og friluftsføremål. Vi fremma motsegn til å legge dette arealet som turist- og friluftsføremål ved første gongs høyring, men trekte ho igjen ved andre gongs høyring.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone

I 100 meters beltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan og bygningslova § 1-8 og Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen punkt 6. Strandsona utgjer ein viktig del av grønstrukturen i kommunane og er leveområde for stadbunden plante- og dyreliv. Strandsona er svært viktig for friluftsliv, rekreasjon og landskapsopplevingar.

Vi stiller oss bak å avsette arealet nærast sjøen til ålmenta for å sikre at folk kan ferdast forbi planområdet, slik det går fram av referat frå oppstartsmøtet. I og med at planområdet er veldig smalt kan det vere vanskeleg å få til utbygging av hytter til utleie samtidig som det skal opplevast greitt å ferdast forbi. Sjølv om ferdsl er tillate i høve ein reguleringsplan, kan det virke avskrekkande

om det opplevast privat. De bør ha fokus på å løyse dette på ein god måte. Byggegrense må fastsettast i plankartet.

Ved planlegging i strandsona må det takast omsyn til å bevare landskapskvalitetar og tilpasse tiltaka omgjevnadene, jf. punkt 6.1 dei statlege retningslinjene.

Planområdet er relativt lite. Vi rår til at ein ikkje legg opp til for tett utbygging da dette vil redusere området sin attraktivitet og opplevingsverdi. Dette gjeld både for dei som vil gå forbi i strandsona, dei som bur i nærområdet og for dei som skal leige hyttene. Det er trangt mellom strandsona og vegen, og det er planar om opp mot 8-10 hytter, mogleg to parkeringsplassar til kvar hytte samt nye naust. Vi rår til å nedskalere prosjektet for å gje meir rom mellom hyttene. De bør bevare mykje av vegetasjonen og urørt strandsone som ein kvalitet både for prosjektet og omgjevnadene.

For å gjere minst mogleg inngrep i strandsona bør de legge til rette for fellesløyningar. Dette gjeld til dømes tiltak for opptrekk av båt eller kajakk, samt steinfylling som beskyttelse for naust m.v.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». *Eit gjennomgåande krav til ROS-analysen er at alle kjelder, føresetnader og resonnement bak konklusjonane skal vere dokumenterte og kunne etterprøvast.* Vi ser det i oppstarvarselet allereie er avdekka forhold som må avklarast i samband med ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningsliner for klima og energi](#)» (SPR). Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem. Varetaking av arealbruk med verdi for klimatilpassing kan òg medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til [korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar](#).

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71258415

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NVE VEST
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500
Naustdalsvegen 1B
Postboks 1010 Nordre Ål

6404	MOLDE
6800	FØRDE
2605	LILLEHAMMER



Statens vegvesen

OSE AS
Vikeøyane 7

6150 ØRSTA

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
25/198146-2

Dykkar referanse:
P1852

Vår dato:
18.08.2025

Uttale til detaljregulering av for utleigehytter (FTU3) – gnr. 51 bnr. 38 m.fl. – Kursetstranda – Sykkylven kommune

Vi viser til brev av 04.07.2025.

Saken gjeld

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for 8–10 fritidsbustader for utleige, eksisterande naust og eventuelt nye, biloppstillingsplassar og avkøyrsløse frå Kursetstranda.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre merknadar til planforslaget

Planformålet er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan, men er teke inn i forslag til pågåande revisjon. Vi rår til at ein ventar med å starte dette reguleringsplanarbeidet til arealformålet er avklart i kommuneplanen.

Av det vi kan sjå er terrenget vest for fylkesvegen bratt. Vi ser det derfor som svært utfordrande og arealkrevjande å opparbeide ei forskriftsmessig løysing her. Det er også etablert rekkverk langs fylkesvegen. Plassering av avkøyrsla må ta omsyn til siktforhold og utforming av sideterreng dersom ein må endre på rekkverksløyninga.

I planarbeidet må ein avklare plassering og utforming med vegmynda i Møre og Romsdal fylkeskommune. Nødvendig areal til skjeringar og fyllingar må teiknast inn i plankartet, og ein kan gjerne leggje ved plan og profilteikningar som viser dette.

I tillegg vil grunnforhold i fylkesvegens vegfylling og handtering av overvatn være viktige utgreiingar som må gjennomførast.

Konklusjon

Vi viser til våre innspel over og ber om at dette blir teke med i det vidare arbeidet med reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Ose As
Vikeøyane 7
6150 Ørsta

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/18297 -	Åsmund Nybø Vik -	21.08.2025
P1852	04.07.2025	25/114064		

Fråsegn til oppstart - Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - utleiehytter - gbnr 51/38 mfl. Kursetstranda

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer, styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for utleiehytter ved Kursetstranda i Sykkylven kommune. Planområdet ligg i strandsona, mellom Kursetstrandvegen og sjøen. Føremålet med planen er å leggje til rette for oppføring av 8–10 fritidsbustader for utleie, biloppstillingsplassar, avkøyrsløp, samt regulering av eksisterande naust. Det kan òg bli aktuelt å leggje til rette for utbygging av fleire naust i planen, i tillegg til å regulere dei nausta som finst frå før i området.

MERKNADER TIL PLANOPPSTART

Planfaglege merknader

Strandsona er eit sårbart område som har eit særleg vern gjennom plan- og bygningslova § 1-8. Lova slår fast at publikum skal ha tilgang til strandsona, og at det som hovudregel ikkje skal tillatast privatiserande tiltak i den.

Vi støttar kommunen si vurdering i oppstartsmøtet om at reguleringsplanen må leggje til rette for ferdsel og opphald for publikum langs strandsona. For å sikre dette rår vi til at inngrep i strandsona blir avgrensa og samla i fellesanlegg, som til dømes felles moloar, flytebrygger og parkeringsplassar.

Planområdet mellom Kursetstrandvegen og sjøen er smalt, og det er planlagt ei relativt tett utbygging av fritidsbustader til utleige. I planforslaget kjem det òg fram at det kan bli aktuelt å regulere området til utbygging av fleire naust, i tillegg til dei nausta som allereie finst der.

Dersom planen legg opp til utbygging av fleire naust i tillegg til utleiehyttene, kan det bli vanskeleg å sikre publikum tilstrekkeleg tilgang til strandsona. Arealet mellom nausta og fritidsbustadene vil fort bli smalt og få ein privat karakter. Kommunen må derfor nøye vurdere om ei så tett utbygging med fritidsbustader og eventuelle naust let seg kombinere med omsynet til dei allmenne interessene i strandsona.

Kulturminne frå nyare tid

Sykkylven kommune har ikkje kulturminneplan, og det kan derfor vere nyare tids kulturminne innanfor planområde som ikkje har blitt kartlagd eller oppdaga.

Det har blitt gjennomført sefrak-registrering innanfor planområdet på 1990-talet, men denne registreringa tek ikkje omsyn til andre nyare tids kulturminne enn bygningar. Det er sefrak-registrert ruinar etter eit naust frå 1800-talet innanfor planområde. Vi ber om at desse murane blir dokumentert godt ved foto, slik det kan gjerast ei vurdering av bevaringsverdien i planprosessen.

Vi gjer merksam på at interesseavklaringar og slutningar i planprosessar må byggje på eit oppdatert og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Krav til oppdatert kunnskapsgrunnlag for dei formåla som omhandlast etter loven, er vist til § 2-1 plan- og bygningslova. Ettersom det ikkje finns oppdatert kunnskapsgrunnlag for nyare tids kulturminne, som for eksempel i form av ein kulturminneplan, ber vi om at det gjerast ei enkel vurdering og kartlegging av området for eventuelle nyare tids kulturminne i samband med planprosessen.

Friluftsliv

Tiltaket er planlagt i tilgjengeleg strandsone. Sykkylven kommune har ikkje gjennomført kartlegging og verdsetting av sine friluftslivsområde. Det er viktig at kommunen hentar inn tilstrekkeleg kunnskap i handsaminga av saka og tek høgde for verdien området kan få for friluftslivet. Verkingar av tiltak i strandsona kan for eksempel vere tap eller fortrenging av naturmangfald eller friluftslivsverdiar. *«Grunnlaget for allmenn rekreasjon i strandsona skal tryggast og utviklast vidare. Det bør leggjast stor vekt på å oppretthalde og forbetre tilgjengelegheita til strandsona frå landsida og sjøsida, samt moglegheitene for å ferdast og å*

opphalde seg langs sjøen.» ([Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen](#)) Kommunen bør derfor vurdere om tiltaket kan virke privatiserende.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det er viktig å sikre allmenn tilgang til strandsona i planarbeidet, og rår til at inngrep blir samla og avgrensa for å unngå privatisering. Det må gjerast ei grundig vurdering av om planlagt utbygging av fritidsbustader og naust er foreinleg med omsynet til allmenne interesser. Vidare ber vi om at det blir henta inn tilstrekkeleg kunnskap om kulturminne frå nyare tid og friluftslivsverdiar, slik at planprosessen byggjer på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Åsmund Nybø Vik
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Kystverket
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal
Sykkylven kommune

Fagsaksbehandlarar



Statens vegvesen

OSE AS
Vikeøyrane 7

6150 ØRSTA

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
25/198146-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.08.2025

Vedrørende uttale til varsel om oppstart av utleiehytter (FTU3) – gnr. 51 bnr. 38 m.fl. Kursetstranda – Sykkylven kommune

Vi viser til vårt brev av 18.08.2025 med uttale til varsel om oppstart og ser grunn til å rette opp ein feil som kom fram der. Her var innspela sjølvstekt retta mot kommunal veg, Kursetstranda, og dei kommunale vegmyndigheitene, og ikkje fylkesveg og dei fylkeskommunale vegmyndigheitene.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim